

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## **I** Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune  
Møtedato: 07.03.2014  
Møtetid: kl 12.00  
Stad: Møterom 1  
Møtenr.: 1/2014

Innkalling: Faste medlem i utvalet. Revisor i sakene 5-6/14. Rådmannen i sakene 6-7/14.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlem (varamedlem møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785/97170064 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

### SAKLISTE

- 01/14 Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
- 02/14 Skriv og meldingar.
- 03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Jølster.
- 04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Jølster.
- 05/14 Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap.
- 06/14 Sluttrekneskap/prosjektrekneskap – Langhaugane barnehage prosjektnr. 172/1720
- 07/14 Orientering om omlegging av pleie og omsorgstenesta
- 08/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Jølster.
- 09/14 Eventuelt.

Jølster, 28.2.2014

Audun Høyvik (s)  
-leiar-

  
Audhild Ragni Vie Alme  
rådgjevar  
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 27.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	01/14	Ja

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 27.02.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	02/14	Ja

### Saksvedlegg

- SM 01-14 Brev datert 13.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Jølster kommune: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.
- SM 02-14 Årsrapport for 2013 datert 17.1.2014, Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune.
- SM 03-14 Brev datert 21.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Jølster kommune: Uttale frå leiinga - Jølster kommune sin rekneskap for 2013.
- SM 04-14 Brev datert 14.2.2014 frå Skatteetaten til Jølster kommune: Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Jølster kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Jølster kommune  
v/Rådmannen  
Kommunehuset  
6843 Skei i Jølster

SM 01-14

Dyktar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
\\misleghaldtilsyn14/tf14 216 032 / 2014 13. januar 2014

### RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at revisor *skrifteleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skrifteleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Jølster Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93


- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærstående partar* og transaksjonar med desse:
  - *kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
  - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og*
  - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2014.


Førde, 13. januar 2014  
Med helsing



Terje Førde  
Dagleg leiar/Revisjonsjef



Kopi: Kontrollutvalet i kommunen



Årsrapport for 2013

**Skatteoppkrevjaren i  
Jølster kommune**

## Innhald

<b>1. Generelt om verksemda til skatteoppkrevjaren.....</b>	<b>3</b>
1.1 Skatteoppkrevjærkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval.....	4
<b>2. Skatteregnskapet.....</b>	<b>4</b>
2.1 Avlegging av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsår 2012.....	5
2.2.2 Margin for inntektsår 2013.....	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	5
<b>3. Innkrevjing av krav.....</b>	<b>6</b>
3.1 Restanseutviklinga.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav.....	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år.....	7
3.2 Effektiviteten på innkrevjinga.....	8
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2013.....	8
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	9
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	9
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	9
3.3 Særnamskompetanse.....	9
<b>4. Arbeidsgjevarkontroll.....</b>	<b>9</b>
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller.....	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen.....	10
4.4 Vurdering av Arbeidsgjevarkontrollen.....	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	11
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	11



## 1. Generelt om verksemda til skatteoppkrevjaren

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som kunn er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i regnskapsåret	1,0	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,20	20 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,50	50 %
Arbeidsgjevarkontroll og	0,15	15 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførarar/revisorar	0,05	5 %
Skatteutval		
Administrasjon	0,10	10 %
(Del fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

#### 1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjar i 100% stilling utfører arbeidet på skatteområdet, jf. oppgåvene i Instruks for skatteoppkrevjarar, i tillegg har skatteoppkrevjaren ansvar for innkrevjing av kommunale krav og eigeomsgebyr. Stillinga er lokalisert til kommunekassen i Jølster, der Tenesteleiar rekneskap er leiar. Tenesteleiar rekneskap og førstekonsulent løn anviser utbetalingar og vikarierer på skatteområdet ved ferie/fråvær av skatteoppkrevjaren. I tillegg til skatteoppkrevjarstillinga er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontroll, 15% stilling.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatteoppkrevjaren deltek på kurs og anna opplæring, hovudsakleg gjennom SOFIE kompetansesenter.

Skatterekneskap – tilfredsstillande ressursituasjon.

Innfordring - nokre restansar som krev meir ressursbruk enn andre, men i det daglege tilfredsstillande ressursituasjon. Kontoret nyttar seg av kompetansen hos Skatt vest i saker ein finn det nødvendig.

Arbeidsgjevarkontroll – kommunen har budsjettert med auka ressursar til interkommunal arbeidsgjevarkontroll, pr 31.12.2013 ikkje iverksett.

## 1.2 Internkontroll

Skatteoppkrevjaren utarbeider årleg verksemdplan med årsplan og kontrollplan.

Rutineskildringane er oppdaterte pr. 28.11.2013, og omtalar kva som inngår i internkontrollen.

Dei månadlege rapportane og kontrollane gjennom periodisk oppgjer er ein viktig del av internkontrollen, i tillegg til halvårleg gjennomgang av diverse rapportar på manuelt utførte aktivitetar.

### **1.3 Vurdering av skatteinngangen**

#### **1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret**

Kr 257 281 785,00

Rekneskapet syner at det er betalt inn kr 257 281 785 i skattar og avgifter som kjem inn under fellesinnkrevjinga og fordelt mellom skattekreditorane i rekneskapsåret 2013.

I 2012 var det innbetalt i kr 241 928 345 – dvs. 15 353 440 i auka skatteinngang i 2013 i høve til fjoråret (6,4%).

Samla skatteinngang i Noreg hadde ein auke på 1,0% i høve til 2012, jf. SSB.

#### **1.3.2 Kommunens del av skatteinngangen i regnskapsåret**

Kr 67 864 719,00

Kommunen sin del av skatteinntektene i 2013: 67 864 719

Kommunen sine budsjetterte inntekter i 2013: 62 400 000

Kommunen sin del av skatteinntektene i 2012: 65 971 439

Auka inntekter i 2013 i høve til 2012 er kr 1 893 280 (2,9%).

### **1.4 Skatteutval**

Tal saker som er handsama: 0

Sum ettergjeve beløp: 0

## **2. Skatteregnskapet**

### **2.1 Avlegging av skatteregnskapet**

#### **Avlegging av skatteregnskapet**

Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune stadfestar at skatteregnskapet for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapet frå regional kontrollenhet i 2013.

Årsrekneskapen for 2013 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

## 2.2 Margin

### 2.2.1 Margin for inntektsåret 2012

	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2012, pr. 31.10.2013	0
For mykje avsett margin for inntektsår 2012	
For lite avsett margin for inntektsår 2012	-1 312 887

#### Marginprosent

Vedtatt marginprosent: 10 %.

### 2.2.2 Margin for inntektsår 2013

Marginavsetting for inntektsår 2013, pr 31.12.2013: Kr 20 015 453,00

#### Marginprosent

Vedtatt marginprosent: 10%

### 2.2.3 Kommenterarar til marginavsettinga

Kommunen har avsett kr 1 312 887,00 for lite margin for inntektsåret 2012, for inntektsåret 2011 var marginavsettinga for høg. Det er ikkje vedteke endring i prosentsatsen for marginavsetting i løpet av året.

### 3. Innkrevjing av krav

#### 3.1 Restanseutviklinga

##### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse- 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring i restanse  Reduksjon (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse  Reduksjon (-) Auke (+)
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	<b>3 070 500</b>	<b>4 325</b>	<b>3 515 774</b>	<b>1 669</b>	<b>- 445 274</b>	<b>+2 656</b>
Arbeidsgjevaravgift	18 894	0	26 435	0	-7 541	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	265 021	242	731 741	242	-466 720	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	525 498	0	498 478	0	+27 020	0
Forskotstrekk	44 359	0	0	0	+44 359	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	32 271	0	26 469	0	+5 802	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	85 554	0	400	0	+85 154	0
Restskatt person	2 098 903	4 083	2 232 251	1 427	- 133 348	+2 656
<b>Sum restanse diverse krav</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		
Diverse krav	0	0	0	0		
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>	<b>3 070 500</b>	<b>4 325</b>	<b>3 515 774</b>	<b>1 669</b>		

##### 3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Totale restansar har minka med kr 445 274,00 pr. 31.12.2013 i høve til 31.12.2012.

Tabellen synder reduksjon i restansane for skatteartane Restskatt person, forseinkingsrenter og arbeidsgjevaravgift, medan det er auke i restansane for restskatt (2 s/y innt.år 2012), innkrevjingsinntekter, forskotstrekk og forskotsskatt, person (1 s/y 5t/13).

Rapporten Restanse – sum pr skatteart – aldersfordelt 2011-2000 (restskatt og forskotsskatt person) pr 31.12.2013 samanlikna med 31.12.2012 syner nedgang i restansane, med unntak av inntektsåra 2007, 2006, 2003 og 2001 som er uendra.

Restanse Restskatt person inntektsår 2012 pr. 31.12.2013: kr 725 048, tilsvarande var restanse Restskatt person inntektsår 2011 pr 31.12.2012 kr 907 450 ( pr 31.12.2013: 325 840).

Restanse Utskriven forskotsskatt, person, inntektsår 2013 pr. 31.12.2013: kr 296 500, tilsvarande var restanse Utskriven forskotsskatt, person, inntektsår 2012 pr. 31.12.2012 kr 229 562 (pr. 31.12.2013: 39 666).

Berostilte krav pr. 31.12.2013: 4 325  
 Sum berostilt i 2013: 2 654 (2 s/y, busett i utlandet)  
 Berostilte krav pr. 31.12.2012: 1 669  
 Sum berostilt i 2012: 443 (2 s/y, busett i utlandet)

#### Avskrivning

6 s/y, sum kr 36 656

1 gjennomført gjeldsordning etter GOL, 2 konkursbu, 2 forelda rentekrav, 1 ferdighandsama bistandsanmodning utland

#### Ettergjeving

1 s/y, sum kr 663 694 (restskatt 90 856, forseinkingsrenger/gebyr utgjør restbeløpet) vedtak Skatt vest

#### Nedsetjing pensjonsgjevande inntekt

1 s/y, sum 5 732, vedtak Skatt vest

#### Samansetting av restansar.

Nokre personlege s/y med store restansar over fleire år, også eldre år, både restskatt og forskotsskatt. T.d. utgjør 2 s/y restansen på restskatt, personleg, for åra 2000- 2003 (468 057), ein av desse er konkursbu.

Utlíkna skatt – tal frå rapporten "Summarisk oversikt" - haustavrekninga.

Utlíkna skatt for inntektsåret 2012: 204 745 965 - 2 270 s/y

Utlíkna skatt for inntektsåret 2011: 196 098 264 - 2 238 s/y

#### Arbeidsgjevaravgift

Utgåande balanse pr. 31.12.2013: 29 111 067

Utgåande balanse pr. 31.12.2012: 26 758 470

### 3.1.3 Restansar eldre år

Pr. 31.12.2013

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	516 383	325 840
2010	304 427	297 371
2009	125 284	112 265
2008 – 1999	854 364	-----

### 3.1.4 Kommenterar til restansar og oppfølging av restansar for eldre år

Tal krav som var forelda pr. 31.12.2013: 2

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2013: 58 003

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2013, 1 krav vert å søkje om berostilling (2 694) 1 krav vert å søkje om avskrivning (55 309).

### 3.2 Effektiviteten på innkrevjninga

#### 3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2013

Kommunennummer:	1431			Jølster
Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.13	Resultat krav	Diff.	Kommentarer til avvik
2.2.2 Innbetalt av sum krav siste år				
c) Restskatt for personlige skattytere Inntektsår 2011	95,4 %	95,6 %	-0,2 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
d) Forskuddstrekk Inntektsår 2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
e) Forskuddsskatt for personlige skattytere Inntektsår 2012	99,9 %	99,6 %	0,3 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
f) Forskuddsskatt for upersonlige skattytere Inntektsår 2012	100,0 %	99,6 %	0,4 %	Rød < -0,2% Gul -0,2% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
g) Restskatt for upersonlige skattytere. Inntektsår 2011	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -1% Gul -1% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
h) Arbeidsgiveravgift Inntektsår 2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %	Rød < -0,3% Gul -0,3% - 0% Grønn => 0% Linjeskift = Alt + Enter
2.3.1 b) Innfordret Restskatt, person av sum krav til innfordring Inntektsår 2011	54,1 %	65,0 %		Rød < -10% Gul -10% - 0% Grønn => 0% Samla krav er 306 989 fordelt på 6 s/y, 5 av s/y har eldre krav under innfordring: Krav 207 050; konkurs u/ utbet. dividende, utl.trekk u/innbet. Krav 55 902; UTL pant i eigedom u/tvangssal, pant i bankkto gav delvis dekn. Krav 40 180; UTL-intet til utlegg. Krav 17 818; UTLpant i eigedom u/tvangssal, utleggstrekk pågår, motr SLF sendt des/13. Krav 3 756 UTL saman med krav 2010 - intet til utlegg, utl.trekk u/innbet.

Resultatrapporteringa pr. 31.12.2013 syner at kontoret har oppnådd/ betre resultat enn resultatkrav for fem av dei sju styringsparameterna innbetalt skatt/avgift er vurdert i. For restskatt, person 2011 er det ikkje vesentleg avvik; -0,2%. Innfordra restskatt, person 2011 - forklaring i tabellen.

Utdrag frå notat frå Skatt vest av 16.12.2013 til skatteoppkrevjarnane, vedr. innfordringsresultatet;

*Ved fastsetting av resultatkravene ble krav som er innbetalt etter "kombinert §4-18/varsel om utleggstrekk" klassifisert som innfordret.*

*Etter dette tidspunktet ble beregningen av innfordringsresultatet endret, slik at krav innbetalt etter "kombinert §4-18/varsel om utleggstrekk" ikke ble klassifisert som innfordret.*

*Mange tiltak av typen kombinertvarsel og/eller store innbetaling etter dette tiltaket kan ha ført til at reduksjonen i innfordringsresultatet for hver enkelt skatteoppkrever er større enn 5%.*

*På samme måte kan få tiltak og/eller lave innbetalinger etter "kombinert §4-18/varsel om utleggstrekk" føre til at enkelte skatteoppkrevere ikke er berørt i stor grad.*

*Det er viktig å merke seg at denne endringen forekommer kun for krav som ene og alene er betalt etter "kombinert §4-18/varsel om utleggstrekk". Dersom det gjennomføres tvangstiltak i ettertid og det etterfølgende tiltaket fører til innbetaling vil det bli regnet som innfordret.*

### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Kontoret har frå og med inntektsåret 2008 nytta Debitortilpassa innfordring (DTI) i innfordring av restskatt, personleg s/y. DTI skal sikre lik handsaming av skuldnarane utifrå scoring og såleis ei innkrevjing som er tilpassa skuldnaren, like saker skal handsamast likt. DTI krev at ein følgjer innfordringsløpet, såleis vert ein «tett på» nye restansar.

Eldre restansar er ikkje omfatta av DTI, kontoret prøver til ei kvar tid å ha aktivitetar også mot desse krava.

Kontoret sitt aktivitetsomfang: Betalingsavtale (3), utleggstrekk (33), vedtak ansvarskrav (1), motrekning (9), utleggsforretning (6), tvangsdekning (1), maskinell dekningskontroll (6), lemping (1), avskrivning (6). Det er registrert 15 telefoninkassosaker og 96 henvendelsar, i tillegg til anna dialog med s/y.

Ut frå nedgangen i restansane jf pkt 3.1 meiner ein at aktivitetane som er nytta gjev resultat.

### 3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Skatteytarar med stor restskattar, også endringssaker, for fleire inntektsår, jf pkt. 3.1.2. Mange utanlandske skatteytarar har fått feil i skatteoppgjeret pga "stille aksept"; manglar standard frådrag. Likningane vert ikkje retta utan at s/y sjølv sender inn rette opplysningar om opphaldstid, s/y reist frå landet – adresse feil, restansane er ofte for små til innkrevjing gjennom avtaler med andre land.

### 3.2.4 Eventuelle tiltak ved kontoret for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren deltek på aktuelle kurs og anna opplæring for å heve kompetansen, noko som på sikt kan gje betre effektivitet.

## 3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren har nytta særnamskompetansen i seks saker; Intet til utleggforretningar, utlegg med pant i eigedom og pant i bankkonto.

## 4. Arbeidsgjevarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Jølster kommune deltek i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen, og har 15% av ei 100% stilling som er organisert under Skatteoppkrevjaren i Førde.

### 4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2013: 6

Som utgjør: 5,3 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2013: 6

Som utgjør: 5,3 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

### 4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

1431		JØLSTER	
<b>Antall og andel kontrollerte arbeidsgivere</b>			
	Antall arbeidsgivere i kommunen	113	
1.3.6 b Se veiledning for nærmere informasjon	Antall arbeidsgivere i kommunen som har vært gjenstand for kontroll		
	- Antall formalkontroller		2
	- Antall avdekkingskontroller		3
	- Antall undersøkelseskontroller		
	- Antall oppfølgingskontroller		1
	Sum arbeidsgiverkontroller		6
	<b>Andel kontrollerte arbeidsgivere</b>	5,3 %	
<b>Forklaringsvariable</b>			
1.3.7	Totalt antall LTO hos de kontrollerte arbeidsgiverne	60	
	Totalt antall LTO hos arbeidsgiverne i kommunen	2 530	
	Andel LTO kontrollert hos de kontrollerte arbeidsgiverne (SKO)		2,4 %
<b>Endringsforslag</b>			
1.3.8 a	Endring i inntektsgrunnlag i kr (hvv. endringsforslag og -oppgaver)	0	
1.3.8 b	Endring i grunnlag arbeidsgiveravgift i kr (endringsforslag og egenretting av arbeidsgiver)	0	
<b>Styringsparametre</b>			
1.3.8 c	Antall avdekkingskontroller med avdekket beløp	0	
	Antall avdekkingskontroller	3	
<b>Forklaringsvariable</b>			
	Antall formal-, undersøkelses- og oppfølgingskontroller med avdekket beløp	0	

Det er ikkje avdekka beløp i kontrollane som er gjennomførde i 2013, men det er gjeve merknader på fig. område: NAV Arbeidsgjevar-/arbeidstakarregisteret (2), arbeidsgjevarfinansierte EK tenester (1), levering av terminoppgåve/oppgjær (1), bokføringsmerknad (1).

### 4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatt vest sette i 2013 fokus på arbeidsgjevarkontrollen og manglande avdekking i Sogn og Fjordane. Det har det vore arbeid med å få til eit større interkommunalt samarbeid for Sunnfjord og ytre Sogn for å styrkje kontrollfunksjonen, men det er ikkje funne noko løysing pr. 31.12.2013.

Jølster kommunestyre har gjorde i 2012 vedtak om auke ressursen til arbeidsgjevar-kontrollen med 15% til 30% stilling, denne ressursen er ikkje teken i bruk.



#### **4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører**


SKO Jølster har ikkje delteke i fellesaksjonar.

#### **4.6 Gjennomførde informasjonstiltak**

Det vert sendt ut informasjon til nye føretak/næringsdrivande gjennom skattekontoret; kort orientering på områda rekneskap, forskotsskatt, arbeidsgjevaravgift og registrering i mva-registeret.

Det vert gjeve informasjon til arbeidsgjevarar og rekneskapsførar etter trong.

Skei i Jølster, 17. januar 2014



Karin Helgheim


Skatteoppkrevjaren i Jølster

**Vedlegg:** Årsrekneskap for 2013 med forklaring.

Arsrekneskap for Jølster kommune for rekneskapsåret 2013. Avlagt etter kontantprinsippet.

	2013	2012
Likvider	21 757 356	20 116 179
Skyldig skattekreditorene	-1 735 721	-1 309 242
Skyldig andre	-6 179	-764
Innestående margin	-20 015 453	-18 806 170
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-29 108 280	-26 758 470
Kildeskatt	0	0
Personlige skatteyttere	-215 463 387	-205 954 358
Selskapsskatt	-12 215 921	-8 982 657
Renter	-508 283	-242 348
Innfordring	14 087	9 489
<b>Sum</b>	<b>-257 281 785</b>	<b>-241 928 345</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	29 108 280	26 758 470
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	58 030 732	53 391 044
Fordelt til Fylkeskommunen	13 434 952	12 723 917
Fordelt til kommunen	67 864 719	65 971 439
Fordelt til Staten	88 845 623	83 083 475
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	-2 521	
<b>Sum</b>	<b>257 281 785</b>	<b>241 928 345</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Skei i Jølster, 17.01.2014

  
 Karin Helgheim  
 Skatteoppkrevjar

## Forklaring til årsregnskapet

Skatterekneskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapet viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i løpet av rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

### Sumlinjene i årsrekneskapet

- **Likvider**  
Likvidene i skatterekneskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skuldig skattekreditorane**  
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal betale fordelingsoppgjøret til skattekreditorane seinast 10. januar.  
Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ei fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal betale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20. januar.
- **Skuldig andre**  
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalningar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.
- **Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innfordring**  
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjeveravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetning, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot for personlege og upersonlege skattytarar, kildeskatt, samt renter og gebyr.
- **Fordelt til skattekreditorane**  
Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.



**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Jølster kommune  
v/rådmannen

6843 Skei

kopi: ordfører  
kontrollutval ✓  
leiar rekneskap/skatt

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
Vårsavslutning2013

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
001 / 2014

Dokumentdato:  
21. januar 2014

## UTTALE FRÅ LEIINGA - JØLSTER KOMMUNE SIN REKNEskap FOR 2013

Revisjon etter kommunelova sine bestemmelsar skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk, jf. koml.§ 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandardar (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser og til bestemmelsen i kommunelova § 23, som tydeleggjer administrasjonssjefen sitt ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. I tråd med allment aksepterte leiingsprinsipp vil ein leiar av ei verksemd måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er satt, samt ei forsvarleg formueforvaltning. Revisor skal som kjent skriftleg påpeike feil og manglar ved organisering av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av ISA 580 – *Skriftlege uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttaler om at leiinga meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeidinga av rekneskapen og for fullstendigheita av informasjonen som er lagt fram for revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av ISA 240 – *Revisors oppgåver med og plikt til å vurdere misleghald ved revisjon av rekneskaper*, at revisor må innhente skriftlege uttaler frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. ( Sjå og vårt brev datert 13.01.2014) Etter ISA 560 – *Hendelser etter balansedagen*, har revisor og plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapsåret.

Dette er bakgrunnen til at vi har funne det riktig å be om ei særskilt skriftleg uttale frå kommunen si ansvarlege administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av rekneskapen og at den, så langt leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningar som vert krevd etter lov og god kommunal rekneskapskikk. Vedlagt følgjer eksempel på ei slik erklæring vedkomande rekneskapen for 2013. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskapen som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, meiner revisjonen at uttalen vil vere dekkande.

Vi håpar og at kommunen si leiinga vil finne erklæringa hensiktsmessig. Med visning til punktet om hendingar etter utløpet av rekneskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til og

### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

med 5. april 2014, då vi etter oppsett plan skal avgje vår revisjonsberetning. Vi tillet oss derfor å be om at uttalen frå leiinga i utfylt og underskriven stand blir sendt til oss innan nemnde dato.

I samband med rekneskapsavslutninga minner vi og om at dei grunnleggande samanhengane i rekneskapskapen må vere tilstades og at kretsløp og andre sentrale samanhengar og avstemmingar skal vere gjennomført. Alle avstemmingar skal vere dokumentert.

Revisjonen er kjend med at Jølster kommune har tinga NKRF si regnskapsmappe, som inneheld mellom anna dei nødvendig avstemmingane, og oppmodar om at denne vert nytta i årsavslutninga for 2013.

Ref. til Lov om bokføring (bokføringslova) § 11, skal det føreligge dokumentasjon for balansepostar.

Vi syner mellom anna til at det må føreligge dokumentasjon for at bokførte bundne fondsavsetningar stettar krava for å vere bundne fond. Slik vi kan sjå har Jølster kommune per i dag bokført som bunde driftsfond (25199700) kr 21.585.827,- og bundne investeringsfond (25599700) kr 43.871,-.

Vi registrerer at konto for ubrukte lånemidlar (29100001) per i dag er bokført med saldo på kr 68.628.100,-. Ubrukte lånemidlar som har stått over fleire år, bør gjennomgåast og vurderast i samband med nye låneopptak.

Vi syner og til KRS nr. 4 som omhandlar skille mellom drift og investering.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2013 er 31. mars 2014.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapskapen, som ein i samråd med revisor vel å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påført (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter.


Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet er forplikta til å skrive negativ revisjonsberetning den 15.04.14, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2013, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2013.

Førde, 21. januar 2014  
Med helsing

Terje Førde  
Revisjonssjef  
(sign.)

  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I  
**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
TYRE SDEN OG SUNNFJORD

**Vedlegg:**

Eksempel på uttale frå leiinga/*fullstendighetserklæring* til årsrekneskapskapen for 2013

**Vedlegg****Eksempel/mal for uttale frå leiinga / fullstendigheitserklæring til årsrekneskapen 2013**

Til  
KRYSS Revisjon

6800 Førde

**UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL JØLSTER  
KOMMUNE FOR 2013 – FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING.**

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til Jølster kommune for året som vart avslutta 31. desember 2013, med det føremål å kunne konkludere om korvidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

*Rekneskap og budsjett*

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomi forvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å muliggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkskommuner), og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapestimat, herunder rekneskapestimat målt til virkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

*Opplysningar som er gjevne:*

- Vi har gjeve revisor:  
Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av rekneskapen  
Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og  
Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev)
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærståande partar og alle forhold til nærståande partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommun sine garantiansvar.
- (( ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov ))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg

---

---

---

---

Stad, dato

(Administrasjonssjef/rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)



**Skatteetaten**

Saksbehandlar  
Liv Farestveit

Dykkar dato

Vår dato  
14.02.2014

Direkte tlf  
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse  
2013/149011

SM 04/14

Kommunestyret i Jølster kommune

6843 SKEI I JØLSTER

## **Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Jølster kommune**

### **1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen**

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse  
Njøsavegen 2

6863 Leikanger  
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse  
Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) eller  
ring gratis 800 80 000  
Org. nr.: 991733108

Sentralbord  
800 80 000  
Telefaks  
51 91 73 01



## 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
1,0	1,0	1,0

### 2.2 Organisering

Skatteoppkrevjar i 100% stilling utfører arbeidet på skatteområdet, i tillegg har skatteoppkrevjar ansvar for innkrevjing av kommunale krav og eigedomsgebyr. Kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontroll, 15% stilling.

## 3. Måloppnåing

### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Jølster kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 257 281 782 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 3 070 500, av dette krav stilla på vent kr 4 325. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 17. januar 2014.

### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Jølster kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	6,8	95,4	95,6	95,2	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	27,4	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	33,0	99,9	99,6	99,3	99,3
Forskotstrekk 2012	66,8	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	8,5	100,0	99,6	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	2,9	100,0	99,9	100,0	92,7

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav



### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Jølster kommune deltek i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen der 15% stilling er organisert under skatteoppkrevjaren i Førde.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
113	6	6	5,3	3,6	4,6	4,2

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

### 5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at reknskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- *Arbeidsgjevarkontroll*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.


## 6. Ytterlegare informasjon

Skatt vest gjennomførte møte med skatteoppkrevjarane i Sogn og Fjordane 19. september 2013 hvor tema var fremtidig samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen. Jølster kommune var på møtet representert ved skatteoppkrevjar og rådmann.

Venleg helsing



Arnljot Vøn Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest



Jan Kåre Strøm  
underdirektør  
Regional kontrollering

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Jølster kommune
- Skatteoppkrevjaren for Jølster kommune
- Riksrevisjonen

## 03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	03/14	Ja

**Saksvedlegg:**

Forslag til møteplan.

Møteplan 2014 – Jølster kommune

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2014 vert godkjent.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2014.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal heldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER KOMMUNE 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL			7		13				12		21	
FORMANNSKAP	28	25		8	20	3			2 - 23.	28	11 - 25.	
KOMMUNESTYRE			4	29		17			30		4	9

# Møteplan 2014

Framlegg

<b>Første halvår 2014</b>	<b>Januar</b>	<b>Februar</b>	<b>Mars</b>	<b>April</b>	<b>Mai</b>	<b>Juni</b>
Kommunestyret			4.3.	29.4.		17.6.
Politikardag			4.3.	29.4.		
Formannskapet	28.1.	25.2.		8.4.	20.5.	3.6.
OKH						
UPU						

<b>Andre halvår 2014</b>	<b>Juli</b>	<b>August</b>	<b>September</b>	<b>Oktober</b>	<b>November</b>	<b>Desember</b>
Kommunestyret			30.9.		4.11.	9.12.
Politikardag			30.9.		4.11.	
Formannskapet			2.9. og 23.9.	28.10.	11.11. og 25.11.	
Budsjettmøte: Formannskap + gruppeleiarar					11.11.	
OKH						
UPU						

Kommunestyret: Tysdagar kl 13.00  
Politikardag: Tysdagar kl 9.00  
Formannskapet: Tysdagar kl 13.00  
OKH: Onsdagar kl 12.30  
UPU: Onsdagar kl 12.30

## 004/13 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 19.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster Kommunestyret	07.03.2014	04/14 -	Nei Ja

### **Saksvedlegg.**

Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

### **Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:**



Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til kommunestyret

#### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

#### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# **SEKOM-sekretariat**

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

## **Jølster kommunestyre**

### **ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET**

Kontrollutvalet til Jølster kommune har i 2013 vore samansett slik:

#### Medlemer

Audun Høyvik  
Vigdís Tonning  
Tom Erik Sandal

#### Personlege varamedlemer for SP, AP, SV og FRP:

Helge Torpe  
Hildegunn Sølvi Huus  
May Ina Kjøsnes Jarning

#### Personlege varamedlemer for V, H og KRF

Arne Lesto  
Hilde Yndestad Halland  
Irene Lesteberg Holsen  
Leif Gabriel Kapstad

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø, Asgeir Tveit og Audhild Vie Alme har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Jølster hatt fire møte der det er handsama 33 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2011 overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Denne var grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er utarbeidd og vedteken av kommunestyret i 2013.

Kontrollutvalet har i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsrutinar teknisk sektor» i 2013 frå KRYSS-revisjon.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Kontrollutvalet har gitt kommunestyret tilråding i sak om meirforbruket på vintervedlikehaldet.

Kontrollutvalet følgde i 2013 opp Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Omlegging av PLO, og har bede om svar frå administrasjonen på kva som er gjort for å følgje opp kommunestyrevedtak 067/12: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Omlegging av PLO.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt/prosjektrekneskap i 2013:

- Enøktiltak 2011/2012
- Sansehage Skei sorgssenter
- Rehabilitering bygg og anlegg
- Taktekking kommunehuset
- Skei barnehage
- Tiltakspakke 2009

Kontrollutvalet har utanom kontrollutvalsmøte vore representert med Vigdis Tonning på FKT sin kontrollutvalskonferanse 5-6. Juni på Gardermoen.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet: Skriv og meldingar, Oppfølgingsliste og Eventuelt.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama: Møteplan for kontrollutvalet 2013, Vurdering av revisor si uavhengigheit, Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet og Årsrekneskapen 2012 for Jølster kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Skei i Jølster, 7. mars 2014.

Audun Høyvik  
Leiar

Vigdis Tonning  
Nestleiar

Tom Erik Sandal

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 05/14 REVISOR SIN EIGENVURDERING AV UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 27.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2013	05/14	Ja

### Saksvedlegg

Brev datert 8.1.2014 m/vedlegg frå KRYSS Revisjon v/revisjonssjef Terje Førde: Vurdering av uavhengigheit 1431 Jølster kommune.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.

Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 8.1.2014 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

## **REVISOR SIN EIGENVURDERING AV UBUNDENSKAP**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

### **Saksopplysningar:**

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Jølster kommune.

I 02/14



Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@krvssrevisjon.no  
postmottak@krvssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til Kontrollutvalet  
i Jølster kommune

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
Revplan 2014\ 216&30 018 / 2014 8. januar 2014  
Erklæring2014Jølster

### VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1431 JØLSTER KOMMUNE

#### Innleiing:

Jølster kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

#### Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35  
Forvaltningsrevisora alle regionskontor:  
Revisjonssjef Forvaltning Charles Litsheim,  
Telefon: 57612788, 91333046  
Forvaltningsrevisor Stig Årdal, 57612810, /90524855

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 28 10, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:**

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Jølster kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Jølster kommune.</i>

Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, forvaltningsrevisor *Stig Årdal* og operasjonell/utøvande finansiell revisor overfor Jølster kommune, *Kari Sygna*, har avgjeve særskilde uavhengigheitserklæringar for 2014, som vert sendt over til kommunen sitt Kontrollutval saman med denne uavhengigheitserklæringa frå dagleg leiar/revisjonssjefen i KRYSS Revisjon.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knyter seg til eitkvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*, og at dokumenta også blir lagt fram årleg til realitetshandsaming i kommunen sitt Kontrollutval og Kommunestyre.

Erklæringane for 2014 avløysar erklæringane gjeve for driftsåret 2013, og vert med dette lagt fram for oppdraget/kommunen og i samsvar med revisjonsforskriftene for kommunal revisjon, § 15.

Førde den 8. januar 2014

Kommunerevisjonen  
 Terje Førde  
 Daglig leiar/Revisjonssjef  
 KRYSS REVISJON  
 KOMMUNEREVISJONEN I  
 YTRE SOGNE OG SUNNSJORD

**VEDLEGG:**

Uavhengigheitserklæring, revisjonssjef forvaltning, Charles Litsheim d. 08.01.2014

Uavhengigheitserklæring forvaltningsrevisor Stig Årdal, d. 02.01.2014

Uavhengigheitserklæring operasjonell/utøvande finansiell revisor, Kari Sygna, d. 09.01.2014.

*Kopi:*

Jølster kommune v/Rådmannen

Jølster kommune v/Ordføraren



Til KRYSS-Revisjon  
v/dagleg leiar Terje Førde  
Postboks 487  
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.:

Vår ref. :  
Revplan 2014

Arkivkode :  
216&30

Journalnr. :  
010/2014

Dokumentdato:  
08.01.2014

## Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2014

### Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

### Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unntateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:**

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfester er at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptre som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold

*Frå og med mars 2014 vil leiar for det nyoppretta tildelingskontoret i Førde kommune vere ho eg er gift med. Hennar stilling vil vere underlagt einingsleiar Øystein Høyvik. Eg vil ha denne koplinga i mente i tilfelle eit oppdrag som omfattar hennar arbeidsfelt vert tillagt meg. Eit slikt mogleg tilfelle vil umiddelbart bli tatt opp med revisjonssjef Terje Førde.*

*Underteikna kjenner elles ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.*

Førde den 08. januar 2014

  
Charles Lutsheim  
Revisjonssjef forvaltning

 **KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

<b>Kryss revisjon</b>	Oppdragsnr.: <b>1431</b>	Arkiv: <b>14.1.3 / 036/2014</b>
	År: <b>2014</b>	Utarbeidet dato/sign.: <b>13.01.2014</b>
Oppdrag: <b>Jølster kommune</b>	Gjennomgått dato/sign.:	
Sak: <b>Vurdering av uavhengighet - revisors egenvurdering</b>		

**Hovedreferanse:**

Kommuneloven § 79

Revisjonsforskriften kap. 6

ISA 200 - Overordnede mål for den uavhengige revisor og gjennomføringen av en revisjon i samsvar med revisjonsstandardene pkt. 14

ISA 220 - Kvalitetskontroll av revisjon av regnskaper pkt 11

ISA 300 - Planlegging av revisjon av et regnskap pkt. 7

Standard for forvaltningsrevisjon RSK 001 pkt. 8

Pkt 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Kryss revisjon.</i>
Pkt 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Jølster kommune deltar i.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Jølster kommune som har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p>Før slike tjenester utføres foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</p> <p>Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</p> <p><i>Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Jølster kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p>
Pkt 6: Tjenester under kommunens egne	<i>Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Jølster kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>

ledelses- og kontrolloppgaver	
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede opptre ikke som fullmektig for Jølster kommune.</i>
Pkt 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til uavhengighet og objektivitet.</i>

Førde, 13. januar 2014  
Kryss Revisjon

Kari Håheim Sygna  
*Kommunerevisor I*

Til KRYSS Revisjon  
v/dagleg leiar Terje Førde  
Postboks 487  
6802 FØRDE

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
Revplan 2013-14 216&30 005/2013 02.01.2014

**Vurdering av uavhengigheit – gjort konkret og individuelt: Revisjonsplanen for Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommunar 2014**

**Innleiing:**

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

**Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:**

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

---

**Regionskontor for kommunane:**

Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

**Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil:  
Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 85, mobil: 90 87 43 88

**Regionskontor for kommunane:**

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgende begrensninger:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene


**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:**


Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfester er at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida</i>

fullmektig for den revisjonspliktige	<i>opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.</i>

Jf. pkt. 4: Underteikna sin sambuar er tilsett ved Fagutvikling/Koordinering i Førde kommune.

Førde, den 2. januar 2014

  
Stig Ardal  
Forvaltningsrevisor





**06/14 SLUTTREKNESKAP/PROSJEKTRKNESKAP – LANGHAUGANE  
BARNEHAGE PROSJEKTNR. 172/1720**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 28.02.2014.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Jølster Kommunestyret	07.03.2014 -	06/14 -	Nei Ja

**Saksvedlegg:**

Brev datert 05.02.2014 frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune, Revisjonsuttale.  
Brev datert 19.12.2013 frå Jølster kommune til revisjonen, Prosjektrekneskap.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova.

Økonomisk internkontroll – Jølster kommune, kapittel 10

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 05.02.2014.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:**

Saksutgreiing

## PROSJEKTRKESKAP – ENØKTILTAK 2011/2012, PROSJEKTNUMMER 2293

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg Prosjektrekneskap for prosjekt 1720 Langhaugane barnehage datert 19.12.2013.. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

### **Saksopplysningar:**

Økonomisk internkontroll – Jølster kommune” kapittel 10 pkt. 16 omhandlar handsaming av sluttrapport/prosjektrekneskap:

*16 a) Når eit prosjekt/ei investering er fullført, skal kommunekassa ha melding snarast mogleg, slik at sluttrekneskap kan setjast opp. I sluttrekneskapen skal det gjerast framlegg om evt. restfinansiering eller (om)disponering av unytta midlar.*

*16 b) I samband med sluttrekneskapen skal det utarbeidast ei evaluering av prosjektet. Plan- og byggenemnda har ansvaret for dette.*

*16 c) Sluttrekneskapen (med evaluering) skal handsamast av revisjonen, kontrollutvalet og kommunestyret.*

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 05.02.2014.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 36.286.324 (bokførte kostnader 36.286.307). Det er inntekter i prosjektet frå momskompensasjon på totalt kr 3.444.413. Eigenfinansiering med låneopptak er på kr 37.580 000, dvs ei samla finansiering på kr 41.024.413. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk (unytta lånemidlar) på kr 4.738.089.

Det ligg til kommunestyret å gjere vedtak om å godkjenne prosjektrekneskapen og om å gjere vedtak om disponering av mindreforbruket på kr. 4.738.089.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

Jølster kommune  
v/ rådmann  
6843 Skei i Jølster

Dykkar ref.: Sluttrapport/prosjektrekneskap 172/1720 Langhaugane barnehage	Vår ref.: Jølster14/inv.prosjekt	Arkivkode: 216	Journalnr.: 002/2014	Dokumentdato: 05.02.2014
--	-------------------------------------	-------------------	-------------------------	-----------------------------

**REVISJONSUTTALE – sluttrekneskap/prosjektrekneskap Langhaugane barnehage, prosjektnummer 172/1720 - Jølster kommune. Periode 2009-2013.**

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS revisjon, har fått førelagt ovannemnde prosjektrekneskap. Vi har utført revisjonen i henhold til god revisjonsskikk og gjev vår uttale i samsvar med revisjonsstandard ISA 805 – "Særlege hensyn ved revisjon av einskildståande rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, konti eller postar i ei rekneskapsoppstilling", vedteke av Den norske Revisorforening. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i oppstillinga, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av prosjektrekneskapen. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi oppsummerer slik:

- Vedteken budsjettramme er på kr 41.000.000,- ref. til vedtak i sak K077/09 og K 070/10, finansiert med låneopptak på kr 37.580.000,- og momskompensasjon med kr 3.420.000,-.
- For omtale av prosjektet syner vi til skriv «prosjektrekneskap prosjekt 1720 Langhaugane barnehage» datert 19.12.2013.
- Sluttrekneskapen syner samla kostnader på kr 36.286.324,-.
- Vi stadfestar at sum bokførte kostnader på prosjekt 172/1720 «Barnehage Langhaugane» i Jølster kommune sine årsrekneskap er på samla kr 36.286.307,-.
- Rekneskapsoppsett jf. prosjektomtale syner anna kontoinddeling enn det som er tilvist og bokført i rekneskapen til Jølster kommune. Det går fram av prosjektomtalen at rekneskapen som er framstilt der er produsert i reknearket Exel.
- Revisjonen stadfestar at *totalsummen* på oppsettet i prosjektomtalen stemmer med det som er bokført på prosjektet i Jølster kommune sin rekneskap (ubetydeleg avvik på kr 17,-).
- Revisjonen tilrår at tilvising av prosjektkostnader for bokføring, vert gjort med same kontospesifikasjon som ved oppsett av siderekneskap i Exel.
- Den framlagde sluttrekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 4.713.676,- i forhold til vedteken budsjettramme.
- Det er inntektsført moms på prosjektet med kr 24.413,- utover det som var budsjettert.
- I forhold til vedtak om finansiering med låneopptak, har prosjektet unytta lånemidlar på kr 4.738.089,-.

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;  
- evt. mobil: 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobil: 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobil: 47 65 50 93

Det ligg til Jølster kommunestyre å gjere vedtak om å godkjenne prosjektrekneskapen og å disponere unyttta lånemidlar på kr 4.738.089,-. Revisjonen registrerer framlegg i prosjekttalen.

Vi har ikkje ytterlegare kommentarar til rekneskapen, og vidare revisjonshandlingar mot denne vert innstilt frå vår side når Jølster kommunestyre sitt vedtak i sluttrekneskap/prosjektrekneskapsaka er effektuert.

Førde, 05. februar 2014

kopi:kontrollutvalet

*Kari Håheim Sygna*

Kari Håheim Sygna

Kommunerevisor I

**X REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGA OG SUNNFJORD



Revisjonen

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Dato
TOF 11/265 - 33		614	19.12.2013

## Prosjektrekneskap prosjekt 1720, Langhaugane barnehage

### Prosjektomtale

Jølster kommune har ferdigstilt ein ny framtidretta barnehage på Langhaugane ved Vassenden. Prosjektet omfatta ein barnehage med 6 avdelingar, administrasjonsdel samt utomhus leikeområde med grindbygg og fleire boder/leikehytter. Det er i tillegg gjennomført ei utbetring av krysset ved E39 og den kommunale vegen er oppgradert med gangveg og ei lita breiddeutviding òg det er lagt komplett VA anlegg forbi barnehagetomta. Det er og lagt til rette for ei framtidig utviding av barnehagen med 2 basar austover.

Det er lagt vekt på universell tilkomst, sol og lys, og soneoppdeling av uteområde har vore retningsgjevande for plassering av bygget på tomta, saman med ynskje om plass til ein framtidig utviding.

Byggjearbeidet tok til våren 2011 og vart ferdigstilt i august 2012. I 2013 har det vore gjennomført mindre tilleggsarbeid og reklamasjonsarbeid samt oppsetting av eit tradisjonelt grindbygg som ein del av uteområdet.

### Nærare om tiltaka/planane

Sidan hausten 2008 har det vore jobba med planlegging av ny barnehage i Vassenden området. Med grunnlag i vedtak i kommunestyre vart det nedsett ei arbeidsgruppe, med representantar frå administrasjonen, dei tilsette, tillitsapparatet og foreldrerepresentant som har jobba vidare med planane for ny barnehage i Langhaugane. Styringsgruppe for reguleringsplanen har vore Utval for Plan og Utvikling, og for sjølve barnehagen Utval for Oppvekst, Kultur og Helse. I arbeid med reguleringsplan samt rom- og funksjonsprogram har kommunen engasjert arkitektkontoret Erling Haugen AS v/Arve Seger.

I arbeidet vart det lagt vekt på å planleggje ein framtidens barnehage for barn med fokus på kvalitet i utforming, bygging og drift. Ein har i planlegging hatt fokus på å få eit bygg og eit uteområde som skal vere fleksibelt, ha rom som er bygd for opplevingar og som gjev utfordringar til alle aldersgrupper samtidig som dei skal ha gode lyd, lys og luft forhold for barn og vaksne.





### Romprogram og funksjonsprogram

Barnehagen og uteområdet har funne si form og løysing gjennom eit optimalt samspel med tomta og omgjevnadane. Det har vore viktig med eit bygg som utnyttar og tilpassar seg tomta. Eit visuelt ope bygg som kan gje trygge, gode og kreative omgjevnadar for borna.

Det er lagt vekt på arealeffektive løysingar med minst mogeleg korridorareal. 2 og 2 avdelingar heng saman i ein base med dør i mellom opphaldsromma som kan stå ope. Felles grovgarderobe for basen. Intern kommunikasjon mellom avdelingane skjer direkte gjennom avdelingar og fellesrom.

Administrasjonen finn ein i underetasjen med kontor, møterom, garderobe mm. Det er direkte tilkomst frå parkeringsplass like ved. Det er heis til avdelingane.

### Uteareal

Trafikktrygg tilkomst i samband med levering og henting av born, samt gjennomtenkte og trygge løysingar for all service trafikk har vore viktig i planlegginga. Kreativt utemiljø med soneinndeling tilpassa tomta, der det er teke omsyn til universell tilgjenge. Delar av tomta framstår som naturtomt.

Arbeidet med oppføring av barnehagen mm vart utført som totalentreprise, der Harald Kapstad AS har vore totalentreprenør. Kommunen som byggherre har vore representert ved plan- og byggenemnda som har vore:

Gerd Dvergsdal/Oddmund Klakegg  
Jan Ove Flaten  
Ragnhild Sæle  
Hildegunn Gjelsvik

### **Prosjektrekneskap – omtale**

I tillegg til det ordinere rekneskapet har vi nytta eit eige prosjektrekneskap produsert i reknearket Excel. Reknearket har ei hovudoversikt over budsjetterte og rekneskapsførde posteringar på tiltakstype, jamfør postane A-L. I tillegg syner denne hovudoversikta eventuelle avvik frå budsjettet. Bilaga er spesifisert med leverandør, dato, beløp og tiltakstype (post) samt bilagsnummer i det ordinere rekneskapet. Vi har i tillegg ei oversikt over fortløpande føring av kostnader med tillegg/frådrag.

### **Finansiering og budsjettvedtak**

Tiltaket er finansiert i investeringsbudsjettet for 2010 og 2011 med høvesvis kr. 12 500 000 og kr. 28 500 000. Det er såleis godkjent ei samla prosjektråme på kr. 41 000 000 finansiert ved bruk av lån og mva kompensasjon, jamfør k.sak 077/09 og k.sak 070/10.

Den samla finansieringa er som følgjer:

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.





Finansiering/kr.	Råme	Lån	Mva
2010 - KST 077/09	12 500 000	12 500 000	0
2011 - KST 070/10	28 500 000	25 080 000	3 420 000
Sum finansiering:	41 000 000	37 580 000	3 420 000

### Budsjett/rekneskap - avvik

I dette dokumentet er følgjande nemning nytta:

- = overskriding/meirkostnad

+ = innsparing/mindreknad

Prosjektet er gjennomført med ein sluttsum på kr. 36 286 323 som gjev ei innsparing/mindreknad på kr. 4 713 676 eller 11,5% i høve vedteken råme. Tabellen som fylgjer syner ei samanstilling av rekneskapet og avvik i høve budsjett. Det er gjevne kommentar til større avvik.

Post	Tiltak	Kostnad m/mva	Sum rekneskap	Avvik i kr.	Avvik i %
A	Reguleringsplan 2009/2010	425 000	424 125	875	0,21 %
B	Bikostnader	75 000	74 881	119	0,16 %
C	Kulturminnerregistreringar	18 750	18 560	190	1,01 %
D	Forprosjekt - teikningsgrunnlag og anbudsokument	562 500	562 850	-350	-0,06 %
E	Totalentreprise inkl. alle tillegg og prisauke	28 750 000	27 938 750	811 250	2,82 %
F	Administrasjon og byggeleiing	625 000	661 117	-36 117	-5,78 %
G	Innventar og utstyr	2 000 000	2 048 044	-48 044	-2,40 %
H	Tomtekostnad	1 649 000	1 697 568	-48 568	-2,95 %
I	Forsikring, gebyr mm	82 500	175 810	-93 310	-113,10 %
J	Finansiering (byggjelånsrente)	1 000 000	517 913	482 087	48,21 %
L	Kalkylemargin/Reserve	5 812 250	2 166 705	3 645 545	62,72 %
S1	SUM A-L	41 000 000	36 286 324	4 713 676	11,50 %

#### Post E, Totalentreprise kr. 811 250

Posten inneheld i tillegg til sjølve totalentreprisen alle opsjonar som vart kontraktfesta.

Nokre av desse vart trekt ut i prosessen mellom anna brønnboring og reasfaltering.

Dette har gjevne ein mindreknad på posten.

#### Post I, Forsikring, gebyr mm: -kr. 93 310

Her utgjer tilknytingsavgiftene for vatn og avløp det største avviket og grunn til meirforbruket på posten.

#### Post J, Finansiering: kr. 482 087

Grunna låg rente i heile perioden har kapitalkostnadane vorte mindre enn budsjettert og ein fekk ei innsparing på posten.

#### Post L, Kalkylemargin/reserve; kr. 3 645 545

Det vart tidleg klart at tilbudsprosessen og dei aktuelle tilboda var gunstige i høve kostnadsoverslaget. Kalkylemarginen (kr. 5 812 250) vart dermed større enn budsjettert og byggjenemnda justerte denne i prosjektfasen til kr. 2 500 000. Byggjenemnda forventar med grunnlag i dette ei samla innsparing i prosjektet på kr. 3 312 250. På posten er innsparinga kr. 3 645 545 medan den samla innsparinga på prosjektet er kr. 4 713 676.





## Finansiering - avvik

Tiltaket vart vedteke finansiert ved bruk av lån og mva kompensasjon med tilsaman kr. 41 000 000 jamfør k.sak. 077/09 og k.sak 070/10. Prosjektet er ferdigstilt med ein sluttsam på kr. 36 286 323 som gjev eit mindreforbruk på kr. 4 713 676 i høve budsjettråma. Tek vi med meir mva refusjon vert mindreforbruket i høve lånefinansieringa kr. 4 738 089.

Langhaugane barnehage, finansiering - endringar			
Tekst	Øk-plan	Rekneskap	Endring
Langhaugane barnehage	41 000 000	36 286 323,76	-4 713 676,24
Meirverdiavgift	3 420 000	-3 444 412,95	-24 412,95
Bruk av lån	37 580 000	-32 477 973,19	5 102 026,81
Sum finansiert:	41 000 000	-35 922 386,14	
Bruk av lån 2013 (samla)		-363 937,62	4 738 089,19
Sum finansiert:		-36 286 323,76	4 713 676,24

## Mellomfinansiering av andre tiltak.

Kommunestyre vedtok i Ksak 070/12 følgjande mellomfinansiering i samband med Jølster skyttarstadion:

*Jølster kommune stiller rentefri mellomfinansiering på kr. 2 512 000. Mellomfinansieringa skal attendebetalast så raskt som råd:*

- Kr. 700 000 som gjeld skyttarlaget sitt lån: Ved ferdigstilling av delprosjekt 1 og 2.
- Kr 1 812 000 som gjeld tippemidlar og momskompensasjon: Så snart tilskota vert utbetalt.

*Finansiert ved bruk av unytta lånemidlar til andre prosjekt i 2011 og 2012.*

Med grunnlag i ovannemnde vedtak skal kr. 2 512 000 av unytta lånemidlar på prosjekt 1720 nyttast som ei mellomfinansiering av tiltak ved Jølster skyttarstadion.

Dette gjev følgjande sluttoppstilling i høve unytta lånemidlar:

Mindreforbruk lånefinansiering	4 738 089
Mellomfinansiering Jølster skyttarstadion	-2 512 000
Attverande sum lånefinansiert	2 226 089

## Oppsummering

Prosjektet er gjennomført i samsvar med godkjende planar og ferdigstilt i samsvar med vedteken framdrift. Prosjektet vart avslutta med ein sluttsam på kr. 36 286 323. Dette gjev eit mindreforbruk på kr. kr. 4 713 676 i høve budsjettråma og som følgje av mva refusjon eit mindreforbruket i høve lånefinansiering på kr. 4 738 089.







Prosjektrekneskapen vert med dette oversendt revisjonen for kontrollhandling med slik tilråding til vedtak:

Plan- og byggenemnda rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

- Jølster kommunestyre godkjenner prosjektrekneskapen for prosjekt 1720 Langhaugane barnehage med sluttsum kr. 36 286 323. Mindreforbruket på prosjektet er på kr. 4 713 676.
- Av udisponert lånefinansiering på kr. 4 738 089 er kr. 2 512 000 disponert i k.sak 70/12.
- Attverande lånefinansiert mindreforbruk på kr. 2 226 089 vert sett av til investeringsfond.

Med helsing

Thor Ove Farsund

Kommunalsjef

57 26106

Budsjett og prosjektrekneskap, Excel rekneark.

Prosjektrekneskap, ordinært rekneskap.

K.sak 077/09 Investeringsbudsjett 2010

K.sak 070/10 Investeringsbudsjett 2011

K.sak 70/12 Jølster skyttarstadion: kommunal mellomfinansiering.



# 07/14 ORIENTERING OM OMLEGGING AV PLEIE OG OMSORGSTENESTA

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 28.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	07/14	Ja

## Saksvedlegg

Brev datert 21.11.2013 frå SEKOM-sekretariat til Jølster kommune v/rådmannen.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Sak 067/12 Forvaltningsrevisjon-omlegging av PLO, handsama i kommunestyret 13.11.2012.

Sak 31/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – verknad av organisasjonsendring ved Pleie og omsorgstenesta i 20016, handsama i kontrollutvalet 20.11.2013

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande

## Kontrollutvalet sitt vedtak:

## **ORIENTERING OM OMLEGGING AV PLEIE OG OMSORGS- TENESTA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 67/12 Forvaltningsrevisjon – omlegging av PLP, handsama 13.11.2012.

### **Saksopplysningar:**

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006» vart lagt fram for kontrollutvalet den 28.09.2013. Kommunestyret handsama rapporten i sak 067/12 «Omlegging av PLO», i møte 13.11.2012, og gjorde følgjande vedtak:

*Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.*

*Funn i rapporten som framleis er relevante skal brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.*

Kontrollutvalet handsama sak 31/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – verknad av organisasjonsendring ved Pleie og omsorgstenesta i 2006, i møte 20.11.2013, der det vart gjort følgjande vedtak:

*SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følge opp kommunestyrevedtak 067/12:*

*Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Omlegging av PLO.*

SEKOM-sekretariat sende brev til Jølster kommune v/rådmannen 21.11.2013, der vi informerte om vedtaket i sak 31/13 i kontrollutvalet, og at kontrollutvalet ynskte skriftleg svar og at rådmannen vert kalla inn for å orientere i neste møte. Det er pr i dag ikkje kome skriftleg svar frå Jølster kommune v/rådmannen.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Jølster kommune  
v/Rådmann Børge Tvedt

6843 SKEI I JØLSTER

Førde, 21.11.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.: arva

Jnr.: 544/13

Arkiv: Jølster


## OPPFØLGING AV SAK, KST-067/12 FORVALTNINGSREVISJON – OMLEGGING AV PLO

I kontrollutvalsmøte 20.11.2013 i sak 31/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – verknad av organisasjonsending ved pleie og omsorgstenesta i 2006, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

*SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 067/12: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Omlegging av PLO.*

Kontrollutvalet ynskjer skriftleg svar, og rådmannen vert også kalla inn for orientering i neste møte i kontrollutvalet i Jølster, som vert i siste halvdel av februar 2014. Innkallinga vert sendt ut om lag 1 veke før møtedato.

For kontrollutvalet

  
Audhild Ragnvieg Alme  
rådgjevar  
**SEKOM-sekretariat**

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	5761 2785 arva 97170064 arva 57612786 vø 95139762vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# Jølster kommune

## Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.11.2012	067/12	AHE

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, FA-	Arkivsaknr 10/234
----------------------------------	-----------------------	----------------------

### Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO

#### Vedlegg:

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.10.2012 13:51:06	Forvaltningsrevisjonsrapport-verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006	34137
07.11.2012 15:23:24	Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg.pdf	35397

#### Saksutgreiing:

Vi viser til rapporten som er utarbeidd av Kryss revisjon og til kontrollutvalet si handsaming den 28. september 2012

#### **KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

*-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.*

*-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.*

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

*-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.*

*-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.*

-Funn i rapporten som framleis er relevante skal brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

**Dokumentliste:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	24.03.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - kommunestyrevedtak
2	U	13.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - kommunestyrevedtak - svar
3	U	27.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO -utsending av rapport frå styringsgruppa
4	I	29.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - vurdere nytte av omlegging innan PLO - vedtak i Kontrollutvalet
5	I	28.09.2012	SEKOM-sekretariat	Forvaltningsrevisjonsrapport- verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006

## **067/12: Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

### **Handsaming i Kommunestyret 13.11.2012:**

Venstre ba om gruppemøte.

#### Framlegg frå Venstre:

Vi ber om at administrasjonen sender rapporten tilbake og ber dei komme med klarare konklusjonar som kan nyttast vidare i utvikling av tenesta. Vi ber om at vi blir samanlikna med samanliknbare kommunar.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte.

#### Framlegg frå Senterpartiet

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funn i rapporten som framleis er relevante skal brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

### **Avrøysting**

Framlegg frå Venstre: Fekk 9 røyster og fall.

#### Framlegg frå Senterpartiet:

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1 vart vedteke mot 4 stemmer

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### **KST-067/12 Vedtak:**

Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

## Viktige funn i revisjonsrapporten:

Jølster har i dag ein større andel **innbyggjarar 80 år eller eldre** enn snittet for kommunegruppa, fylket og landet sett under eitt. Sjølv om folketalet i Jølster har halde seg stabilt dei siste ti åra, er det forventa ein *auke i folketalet på kring 500 personar fram til 2040*, og det er gruppa middelaldrande og eldre som vil auke mest. Behovet for pleie- og omsorgstenester er såleis aukande i tiåra som kjem.

Jølster sine **driftsutgifter for PLO samla** - både pr innbyggjar 67 år og eldre (prioritering) - og pr brukar av kommunale pleie og omsorgstenester (produktivitet) - ligg rett over snittet for landet sett under eitt.

Kommunen har låge **utgifter knytt til institusjon** pr innbyggjar 67 år og eldre (prioritering). Når det gjeld utgifter pr brukar på institusjon (produktivitet) ligg kommunen likevel på snittet for landet og fylket.

Jølster kommune særmerkar seg den andre vegen gjennom at kommunen i **heimetenestene** har høgast nettoutgifter pr. innbyggjar i aldersgruppa 67 år og eldre (prioritering) av dei samanlikna kommunane; nesten dobbelt så høgt utgiftsnivå som landssnittet. Også pr brukar (produktivitet) i heimetenesta har Jølster høgast korrigererte brutto driftsutgifter; kr 288 000 – som er kr 100 000 over landssnittet.

Også netto driftsutgifter til heimetenester fordelt på Kostrafunksjonane internt i PLO, er i ein særklasse høge i Jølster (82% av utgiftene innan PLO går til heimetenestene åleine, mot eit landssnitt på 49%). Ut frå dette kan ein spørje seg om det ikkje er rett å seie at Jølster er ein såkalla **Heimetenesteorientert** kommune, slik denne typen kommunar er kommetert nærare i teksten.

Jølster har høg samla **dekningsgrad** då ingen annan av dei samanlikna kommunane tildeler så mange innbyggjarar i aldersgruppa 80 år eller eldre pleie og omsorgstenester av noko slag (58% i denne aldersgruppa mottek slike tenester, mot 48% i landssnitt). Kommunen har også ein svært høg del brukarar som bur i omsorgsbustader med heildøgns bemanning (25% mot 3,8% på landssnitt).

I Jølster er både andelen *innbyggjarar* i aldersgruppene 0-66 år og 67-79 år som mottar heimetenester, og omfanget på faktiske *brukarar* av heimetenester i aldersgruppene 67-79 år og 80 år + i begge tilfella over snittet for landet.

At Jølster kommune har ressurskrevjande brukarar som mottek heimetenester, syner att m.a. i følgjande:

- Høg andel brukarar med "omfattande hjelpebehov" - 21%; dobbelt så mykje som i nabokommunane
- Kommunen tildeler fleire timar heimesjukepleie pr brukar enn andre kommunar; 7,4 t/v mot 4,5 t/v i landssnitt
- 50% av innbyggjarane over 80 år mottek *heimetenester*, og dette er vesentleg høgare enn landssnittet (34,6%)

Omvendt av for heimetenestene: Jølster kommune har lågast dekningsgrad på *institusjonstenester* av dei samanlikna kommunane, men med fleire "tidsavgrensa plassar" og færre "øvrige plassar" enn dei kommunen er samanlikna med. Talet på institusjonsbebuarar med omfattande bistasbehov er også lågt, trass i at det er mange eldre i kommunen og etter måten få institusjonsplassar tilgjengeleg.



**Kvalitetsindikatorar:**

Jølster kommune har 100% dekning på *plassar i einerom* i pleie og omsorgsinstitusjonar – og har også 100% plassar i *brukartilpassa rom*. Dette er betre enn landssnittet.

Derimot er legedekninga ved sjukeheimane i Jølster (0,12 t/v) dårlegare enn landssnittet (0,36 t/v).

Jølster har eit tal årsverk i brukarretta tenester *med fagutdanning* (74%) som er på landssnittet; men dette har vore svakt nedadgåande i perioden 2008-2010.

Det samla *sjukefråveret* i dei brukarretta tenestene i Jølster er lågare (6,3%) enn landssnittet (8,4%) – og er også lågare enn det samla sjukefråveret for Jølster kommune (6,87%). Sjukeheimen på Skei og Sjukeheimen på Vassenden utmerkar seg likevel med å ha høgast sjukefråvær (kring 10,5%) i dei brukarretta tenestene i kommunen.

*Lønsutgiftene* pr kommunalt årsverk i Jølster (kr 558 000) er høgare enn i både Naustdal og Gaular – og *årsverkverknaden* på 0,44 årsverk pr mottakar i brukarretta tenester er litt under landssnittet (0,47).

Endeleg spør vi oss i rapporten om føringspraksis/evt. feilføring kan forklare enkelte av dei intuitivt iaugefallande funna i rapporten:

- Fordeling av type plassar på institusjon (jf figur 18)
- Tilgjenge til lækjar og fysioterapi på sjukeheim (jf figur 29)

Det vert vist til rapporten, som ligg ved, for nærare informasjon om fakta og vurderingar, konklusjonar.

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

## 08/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 JØLSTER

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 28.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	08/14	Ja

### **Saksvedlegg.**

Oppfølgingsliste 1-2014 Jølster.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingsliste 1-2014 vert teke til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 JØLSTER**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21.11 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Alle saker frå siste møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 1-2014 - Jølster.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.  Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak. 13.11.12 Vedtak kst sak 067/12 <b>Oppfølging på neste møte.</b>
019/13 Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet	12.09.13		12.09.13 Vedtak i KU: Budsjett for drift av kontrollutvalet kr 41.200,- 13.09.13 Budsjett sendt til kommunestyret.
022/13 Godkjenning innkalling og sakliste	20.11.13		Vedtak : Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
023/13 Skriv og meldingar.	20.11.13		Vedtak: Skriv og meldingar vart teke til vitande.
024/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsrutinar teknisk sektor – Prosjektplan	20.11.13		Vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til vitande
025/13 Prosjektrekneskap – Enøktiltak 2011/2012	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 01.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre 21.11.13 sendt til Jølster kommune
026/13 Prosjektrekneskap – Sansenhagen Skei omsorgssenter	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 08.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 21.11.13 sendt til Jølster kommune
027/13 Prosjektrekneskap – Rehabilitering bygg og anlegg	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 08.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 21.11.13 sendt til Jølster kommune
028/13 Prosjektrekneskap – Takteking kommunehuset	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 08.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 21.11.13 sendt til Jølster kommune
029/13 Prosjektrekneskap – Skei barnehage	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 08.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

			21.11.13 sendt til Jølster kommune
030/13 Prosjektrekneskap – Tiltakspakke 2009	20.11.13		Vedtak :Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 11.11.2013. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. 21.11.13 sendt til Jølster kommune
031/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – verknad av organisasjonsendring ved pleie og omsorgstenesta i 2006	20.11.13		Vedtak: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 067/12: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Omlegging av PLO. 21.11.13 sendt brev til rådmannen
032/13 Oppfølgingsliste 4-2013 Jølster.	20.11.13		Vedtak: Oppfølgingsliste 4-2013 vert teke til vitande.
033/13 Eventuelt	20.11.13		Det var ikkje saker til handsaming under eventuelt.

Oppdatert 21.11.2013 arva.

## 09/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 28.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Jølster	07.03.2014	09/14	Ja

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.